



PLAN FOR KVALITETSSIKRING AV
SPRÅKSTIMULERING
FOR BARN I FØRSKULEALDER I
VESTNES KOMMUNE

Innhold

Innleiing	s.	3
Om språk	s.	3
Helsestasjonen sitt fokus på språk	s.	3
Barnehagane sitt fokus på språkutvikling	s.	4
PPT sitt fokus på språk	s.	5
Tverrfagleg samarbeid om barn si språkutvikling	s.	6
Om å utvikle språk	s.	7

Vedlegg:

- Samarbeidsavtale mellom logoped, barnehage og helsestasjonen i Vestnes kommune. Vedlegg 1
- Retningslinjer for når barnehage og helsestasjonen bør ta kontakt med logoped. Vedlegg 2
- Flytskjema spesialpedagogisk hjelp i barnehage. Vedlegg 3
- Rutinar for inntak av minoritetsspråklege barn. Vedlegg 4

1. Innleiing.

I Vestnes kommune er det utarbeidd ein plan for kvalitetssikring av språkstimulering for barn i førskulealder.

Representantar frå helsestasjon, barnehage og PPT har sett på korleis helsestasjon, barnehagane og PPT jobbar med språk kvar for seg, kva roller dei ulike instansane har og korleis ein betre kan sikre samarbeid om språkstimulering.

2. Om språk.

Å utvikle språk er noko av det viktigaste i barna sitt liv. Gjennom språket lærer vi å forstå oss sjølve og omgjevnadane våre. Språk gjev identitet, fellesskap med andre menneske og tilhøyre til samfunnet vi lever i.

Forseinka utvikling vil difor ikkje berre vere ei språkleg utfordring, men kan påverke barnet si utvikling sosialt, emosjonelt, og intellektuelt, og auke risikoen for seinare lese- og skrivevanskar, lærevanskar og psykososiale vanskar.

Barna sin heim og føresette dannar grunnlaget for språkutviklinga. Dei føresette har den viktigaste rolla i å støtte og stimulere barna si språkutvikling. Dette er ei stor oppgåve, men vert støtta av samarbeidet med helsestasjon, barnehage og PPT.

SPRÅK er alle former for kommunikasjon kor tankar og følelsar er symbolisert for å uttrykkje ei mening.

TALE er ei form for å uttrykkje språket, måten vi artikulerer lydar og ord for å overbringe tankar.

BEGREP er indre bevisstheit om eit emne eller ein gjenstand som ikkje er tilstades.

KOMMUNIKASJON er direkte overføring av meningsfylt informasjon mellom menneske.

3. Helsestasjonen sitt fokus på språkutvikling.

Språk og kommunikasjon er eit tema det vert lagt stor vekt på i all kontakt mellom helsestasjonen og familien, heilt frå barnet er nyfødd til og med skulestart undersøkinga. Helsesjukepleiar etterspør korleis barnet reagerer på lyd, stemmer, om foreldra får god blikkontakt og om barnet pludrar. Det første leveåret er det til vanleg tett kontakt mellom foreldre og helsestasjonen, og dette er slik sett den viktigaste hjelpeinstansen med tanke på den aller første språkutviklinga.

Ved innkalling til 2 års kontroll sender helsestasjonen ut eit skjema som foreldra skal fylle ut og ta med til timen. Dette heiter "SATS-screening av to-åringers språk". Dette er ein del av kartlegginga av språket. Ved undersøkinga vil ein i samtale med barn og foreldre observere språket, ordproduksjon, begynnande setningsproduksjon, språkforståing og samspelsevne. Dersom det er tvil om språkutviklinga til 2 åringen, vil ein på bakgrunn av grad av bekymring kunne kalle inn til ny time etter eit par månadar. Ved ekstra språkkontroll vil ein bruke

språktesten SATS. I dette arbeidet kan helsestasjonen samarbeide med logoped/PPT eller med den barnehagen barnet eventuelt har plass i.

Ved 4 årskontrollen, brukar helsestasjonen mellom anna kartleggingsverktøyet SPRÅK4 som gir informasjon både om ordforråd, omgrepsforståing, setningsbygging, preposisjonar og årsakssamanhengar. Her inngår også fokus på det å kunne føre ein samtale, å kunne fortelje, og å kjenne namnet sitt og alderen sin.

Ved mistanke om sein eller avvikande språkutvikling, kan helsesjukepleiar i samråd med foreldra kontakte pedagogisk leiar ved barnehagen for å samanlikne observasjonar og vurdere ev. tilvising til logoped/PPT.

Referanser:

[Hørsel, syn og språk - Helsedirektoratet](#)

[Lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. \(tolkeloven\) - Lovdata](#)

4. Barnehagane sitt fokus på språkutvikling.

Leik er ein viktig reiskap i språkutviklinga, tilrettelegging og stimulering av leik er difor eit viktig språktiltak i barnehagen. Dei vaksne i barnehagen er den viktigaste ressursen, dei er språkmodellar og skal ha ein aktiv og medviten haldning til barna sin språkutvikling.

Kommunikasjon, språk og tekst er eit eige fagområde i rammeplanen for barnehage. Gjennom arbeidet med dette fagområdet skal barna få utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Barna skal møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar. Barna skal få leike med språk, symbol og tekst og bli stimulert til språkleg nysgjerrigheit, medvit og utvikling.

I tillegg til leik skal barnehagen nytte språkfremjande materiell i arbeidet med språkutviklinga både til enkeltbarn og barnegruppa. Dette kan vere bøker, sangleik, digitale verktøy, m.m. Snakkepakken og Språksprell er dømer på gode hjelpemiddel vi har i arbeidet med språkstimuleringa.

Bruk av leikegrupper og språkgrupper er tiltak innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Det skal og vere fokus på språk i førskulegruppene.

I barnehagen skal ein observere og kartlegge språkkompetansen til barna over tid. Barnehagane i Vestnes nyttar TRAS som er eit kartleggingsverktøy for språkutvikling til barn mellom 2 og 5 år.

Det er og naturleg å kartlegge med TRAS dersom barnehagen, føresette eller helsesjukepleiar er bekymra for språkutviklinga. PPT ber om TRAS ved tilvising grunna språkvanskar. I barnehagen er det fleire barn som treng ekstra oppfølging når det gjeld språkutvikling. Dette kan krevje tiltak utover det ordinære tilbodet. Slik tilrettelegging skjer med rettleiing frå PPT.

Det er utarbeidd eit flytskjema for korleis barnehagane skal gå fram visst barnehagen, føresette eller helsesjukepleiar stiller spørsmål ved barnet si utvikling. Det er og utarbeidd eigne rutinar for inntak av minoritetsspråklege barn

5. PPT sitt fokus på språkutvikling.

Pedagogisk psykologisk teneste har to hovudoppgåver:

- Gje ei fagleg vurdering og tilråding om eit barn treng spesialpedagogisk hjelp, og ev. korleis denne hjelpa skal gjevast. Dette vert beskrive i *Sakkunnig Uttale* som er eit dokument PPT sender til føresette, barnehagen og kommunen.
- Bidra med rettleiing til foreldre og barnehagar. Dette er både i arbeid opp mot enkeltbarn, men og generelt opp mot t.d. heile barnegruppa i ei avdeling.

Dersom foreldre, helsestasjon eller barnehage mistenkjer at eit barn treng ekstra støtte i utvikling eller tilrettelegging av t.d. språk, kan ein med samtykke frå foreldre melde barnet til PPT. Foreldre kan også tilvise til PPT sjølv. PPT gjer ei fagleg vurdering av barnet, og skriv så sakkunnig uttale der ein beskriv kva støtte barnet treng for å fungere godt, og kva barnet treng for å få ei god utvikling vidare. Dette kan t.d. vere tilpassing av miljø i barnehage og/eller at barnet har behov for logoped, spesialpedagog eller ekstraassistent. Ved språkvanskar vert utredning og tilråding gjort i samråd med logoped. Spesialpedagogisk hjelp kan gjevast i barnehage eller i heimen. Spesialpedagogisk hjelp inneber og rettleiing av foreldre og barnehage.

PPT skal også ha ei aktiv rolle i å hjelpe barnehagane med å utvikle kompetanse og skape eit tilrettelagt miljø for barn med særlege behov i t.d. språkutvikling.

Spesialpedagogisk hjelp, teiknspråkoplæring m. m er omhandla i kapittel VII i barnehagelova.

6. Tverrfagleg samarbeid om barn si språkutvikling.

Språkstimulering for barn i førskulealder i Vestnes kommune er eit felles ansvar for både helsestasjonen, barnehagane og PPT.

Vi møter barn i førskulealder på ulike arenaer, vi har ulike perspektiv, ulik fagleg bakgrunn og kompetanse. Til barnet sitt beste må desse arenaene, perspektiva og kompetansen utnyttast på best mogeleg måte. For å få til dette er ein avhengig av dialog og samarbeid mellom dei ulike sektorane/instansane, ein er og avhengig av god dialog og godt samarbeid med føresette.

Alle tre instansane/sectorane er bundne av teieplikt og kan ikkje samarbeide om barn utan samtykke frå føresette.

Målet for alle er barnet sitt beste.

Revidert november 2022

7. Handlingsplan/ Om å utvikle språk.

I tabellen under er språkutvikling satt opp skjematisk. Dette er ei veldig forenkla oversikt over barn si språkutvikling. Det er viktig å merke seg at barn utviklar seg ulikt og i ulikt tempo, og at det er viktig å sjå heile utviklinga til barna i samanheng.

Alder	Språkforståing	Språkproduksjon	OBS!! måtar språkvanskar kan komme til uttrykk på.	Forslag til aktivitetar, tenk bruk av Snakkepakka.
0-1 År	Gjenkjenner mors stemme allereie før fødselen. Reagerer på lyd og stemme, snur hovudet mot lydilden ved 3.mnd.alder. Ca:6 mnd. forstår enkle ord knytt til situasjonen, og gir respons på eige namn.	Det sosiale smilet viktig, grunnlaget for følelsemessig tilknytning. Begynner å pludre, grunnlaget for samspel og kontakt. Språket blir viktig i kommunikasjons samspelet. Hermar etter lydar. Nyansar i pludrelydane B-P-M-saman med vokal lydar. Lagar lydar med språket sin intonasjon i 7.mnd.alderen. Kroppsspråk, gestar, og lydar dominerande i 1 års alderen.	Mangelfull merksemd. Mangel på augekontakt. Reagerer lite på lyd (undersøk hørselen!) Barnet er stille og bablar lite. Viser liten interesse for sosialt samspel.	Mimikk, gestar, lydar, blikk-kroppskontakt. "Bade" barnet i ord.
1-2 År	Forstår enkle beskjeder og enkle ord. Kan peike på kjende ting og bilete. Talen meir forståeleg. Følgjer enkle oppfordringar knytt til situasjon. Lyttar til lesing. Språkforståing viktigare enn språkproduksjon	Nyttar enkeltord (mamma, pappa, nei, m.m.) Kan uttrykke seg ved babling, gestar og enkle ord. Meistrar fleire konsonantar, særleg fyrst i ord. 1,5 år: ca.20-50 ord. Meir bruk av setningsprosodi. Seier namnet sitt, nyttar minst 2 ords-ytringar frå	Nyttar ikkje eit ords-ytringar ved 1,5 års alderen.	Snakk mykje med barnet Sette ord på ting, snakk tydeleg. Late som-leik. Borte-titt titt leik. For eksempel Hokus og pokus

		ca.1,5 år.		
2-3 År	Lærer å kjenne verden gjennom språket. Forstår korte setningar og kan følgje enkle beskjedar. Interesse for rim og regler. Likar å bli lest for.	Har ord for det meste. Begynner å bruke pronomen og preposisjonar. 3-ordsytringar. 3-åringen har ca.1000 aktive ord, deltek i sangleikar, rim/regler. Brukar spørjeordet "kva". Brukar språket for å få merksemd.	2-åringar som har mangelfull språkforståing og ikkje set saman setningar på 2 ord. Visst talen er uforståeleg for familien. 3-åringar som ikkje produserer ytringar på 3 ord eller meir. Vanskar med å forstå språklege beskjedar.	Kims leik med dyr, farger, m.m. Rim og regler. Rytme, bruk gjerne kroppen med klapp i hender, tramp, bruk stemma/munnen. Forteljingar, eventyr, dramatiser. Late som-leik.
3-4 År	God samtalepartnar og ikkje like avhengig av vaksne som støtte for å kunne føre ein samtale. Forstår enkle spørsmål og nektande setningar. Forstår framleis meir enn det kan uttrykke. Betre i stand til å lytte til høgtlesing, og forstår enkle forteljingar. Forstår fargeform-størrelesesord.	Kan nytte språket til å uttrykke meiningar, ønskje og følelsar. Språket er ein viktig del av leiken. Leikar og tøysar med språket. Interessert i rim /regler. Brukar fleirtal. 4 åringane kan bruke ca:2000 ord aktivt. Brukar lengre setningar. Tydelegare uttale. Kan gjer seg forstått for ukjende.	Liten interesse i bøker og å bli lest for. Problem med å lære nye ord. Lite ordforråd for alderen. Har vanskar med å begynne på ei setning. Gjenteke stavingar og ord. Nyttar korte, usamanhengande setningar. Snakkar uforståeleg. Kan ikkje gjenfortelje enkle setningar.	Matche bilete-bilete. Lytte og gjere. Pusle spel. Form og farge, bruk spel, lego, klede, leik "gul farge stå opp" Sangleikar, rytmeleik med kropp og instrument. Late som-leik med figurer/dyr, rolle leik,
4-5 År	Forstår det meste som blir sagt. Følgjer kompliserte oppfordringar. Forstår gradbøying av ein del adjektiv. Kan klassifisere begrep (mat, dyr)	Har ordbøyingar, vaksen syntaks og uttaler stort sett språklydar korrekt. Kan forklare ord si meining (kva er sove) og kan fortelje om egne erfaringar i notid og fortid på ein forståeleg måte. 5-åringen kan nytte ca:4000 ord aktivt. Nokre barn eksperimenterer med skriftspråket.	Leikar helst med yngre barn.	Shopping list spel. Mitt skip er lasta med. Kims leik med ulike variasjonar. Dramatisering av eventyr. Forteljar stol. Praktiske oppgåver saman med vaksne.

Vedlegg 1

Samarbeidsavtale mellom logoped, barnehage og helsestasjon i Vestnes kommune

Saksgang:

1. Helsestasjonen og eller barnehagen er bekymra for språkutviklinga til eitt barn ut frå observasjon og resultat på språkkartleggingar som er gjennomført.
2. Helsestasjon og barnehagen tek kontakt med kvarandre for gjensidig informasjonsutveksling, etter samtykke med føresette.
3. Helsestasjonen/ barnehagen tek kontakt med logoped med førespurnad om observasjon av språk etter samtykke frå føresette.
4. Logoped observerer i barnehagen.
5. Logoped gir tilvisande instans tilbakemelding etter gjennomført observasjon. Det blir teke stilling til vidare arbeid etter drøfting med logoped. Det er to moglege vegar vidare;

- Barnet har utfordringar som treng å bli meir utreda.
- Barnet blir tilvist PPT med tilvisingsskjema for logopedtenester.
- Føresette kan tilvise direkte.
Helsesjukepleiar/bhg kan tilvise etter samtykke frå føresette.

- Barnet har utfordringar som på noverande tidspunkt ikkje treng logopediske tiltak.
- Logoped trekk seg ut av saka.

- Dersom barnehagen har behov for t.d. rettleiing for å gjennomføre språkgrupper innafor ordinært barnehagetilbod, melder barnehagen dette som systemsak til PPT.

Avklaringar:

- Logoped har ikkje formelt ansvar før det ligg føre ei tilvising til PPT
- Sjå eige skriv med retningslinjer for når logoped bør kontaktast.

Vedlegg 2

Retningslinjer for når helsestasjon og barnehage bør ta kontakt med logoped

Kontakta skal skje på telefon eller e-post, og logoped journalfører dette i PPT sitt fagsystem. Bestillinga må innehalde informasjon om barnet; kjønn, alder og beskriving av vanskane. Dersom det er ønskeleg med observasjon i barnehagen, skal informasjon om dette også leggast ved, samtykke frå føresette må vere innhenta.

Retningslinjer for når ein bør kontakte logoped når det gjeld ulike typar språkvanskar.

Hugs å sjå alle språkferdigheiter saman med kva som er forventa ut frå alder på barnet. Dersom vanskane skil seg klart frå dette er det grunnlag for å kontakte logoped.

Språklyd

Retningslinjer for meistring av språklydar (Preus, 1982):

- 2 år: Rask utvikling av språklydar. Det viktigaste er kva barnet seier, og ikkje korleis.
- 3 år: vokalane -m-p-b-h
- 4 år: n-t-d-j-f-v-l
- 5 år: k-g-ng
- 6 år: r
- 7 år: s (etter tannfelling)
- 9 år: kj-skj

Ta kontakt dersom:

- barnet er over 3 år og fortsatt vanskeleg å forstå.
- det er noko i miljøet rundt barnet som gjer at språklydvanskane er eit problem; t.d. dersom barnet blir erta/mobba.
- barnet unngår ord, og å bruke språket for å unngå visse språklydar.
- barnet har vanskar med å uttale visse språklydar isolert i tillegg til som ein del av ord.
- barnet har vanskar med å skilje språklydar.

Retningslinjene er ein **peikepinn**, og ikkje nokon fasit på når språklydane skal vere på plass. Det er viktig å sjå **heilskapen**.

Taleflyt og stamming

Det er spesielt viktig å kome tileg i gang med tiltak når eit barn stammer.

Ta kontakt dersom:

- du er usikker når det gjeld stamming og brot i taleflyt.

Stemmevanskar

Ta kontakt dersom:

- barnet har ei unormalt hes stemme.
- barnet har bortfall av stemma.
- barnet har vanskar med pust.
- barnet har skurr på stemma (ein kan høyre ein tilleggslyd som vanlegvis ikkje er til stades i barnestemmer).

Spesifikke språkvanskar

Ta kontakt dersom:


- det er eit stort gap mellom korleis barnet skårer på språkkartleggingar og kva som er forventa ut frå alder når det gjeld forståing.
- barnet har vanskar med tidsaspekt og hukommelse.
- barnet har vanskar med å formidle noko.
- Mange av desse borna er i risikogruppe for å få lese- og skrivevanskar. Kontakt logoped dersom du er usikker.

Fleispråklege born

- Det er vanskeleg å kartlegge desse borna på lik linje med einspråklege.
- Etterspør språkutviklinga på morsmålet.
- Det er naturleg at barnet bruker lenger tid på å lære norsk enn jamnaldra med norske foreldre.
- Ta kontakt dersom barnet har forståingsvanskar.
- Gje barnet ekstra tid når det gjeld utvikling av det norske språklydsystemet.

Vedlegg 3

Flytskjema spesialpedagogisk hjelp i barnehage.



Medhald.
Administrasjonssjefen/einings
leiar fattar vedtak om rett til
spesialpedagogisk hjelp etter §
31. **Vedlegg 4.**

Klagen avvist

Spesialpedagog og pedagogisk leiar
utarbeider spesialpedagogisk plan i
samarbeid med føresette. **Vedlegg 5**

Evaluering/justering i
samarbeidsmøte

ÅRSEVALUERING: drøfter om
innhald, organisering og omfang gir
barnet forsvarleg utbytte av hjelpa.
Vedlegg 6 Kan barnet ha forsvarleg
utbytte av det ordinære tilbodet?

Føresette meiner at barnet har
forsvarleg utbytte av det ordinære
tilbodet. Etter samtykke frå føresette
vert det ikkje fatta nytt vedtak om
spesialpedagogisk hjelp. **Vedlegg 7**

Føresette meiner barnet ikkje vil ha
forsvarleg utbytte av det ordinære
tilbodet.

Drøfting: Kan sakkunnig vurdering
kan gjelde for meir enn eitt år?
Drøfting med føresette.

Føresette ber om ny sakkunnig
vurdering
Vedlegg 8

Sakkunnig tilråding kan gjelde for
komande år. Underskrift av føresette
og einingsleiar/styrar.
Vedlegg 8

Vedlegg nr 5

Rutinar for inntak av minoritetsspråklege barn

Formål og omfang

Rutinen skal kvalitetssikre at oppstart i barnehage for minoritetsspråklege barn skjer forsvarleg i Vestnes kommune.

Målgruppe

Tilsette i barnehage og i flyktingtenesta i Vestnes kommune.

Ansvar og oppfølging

Sjå rutinen nedanfor.

Gjennomføring/aktivitet

1. Tilvenning

- Det skal gjennomførast ein oppstartssamtale, med tolk eller språkhjelpar ved behov. I denne samtalen skal vi bli litt kjende med kvarandre og gå gjennom dei skjema som skal fyllast ut før barnehagestart. Samtalen skal skje før barnet startar i barnehagen.

Den første samtalen

- I den første samtalen skal vi vise interesse for bakgrunnen deira slik at dei får høve til å fortelje litt om seg sjølv. Det kan vere viktig for å forstå deira bakgrunn og familiesituasjonen betre.

Hjelpespørsmål:

- Kor har barna vore dei siste åra?
- Har dei gått i barnehage før?
- Har dei vore saman med andre barn?
- Korleis er barna vant med å leike seg? Ute/inne?

Hugs at mange flyktingar har svekka tillitsevne fordi dei sjølv har opplevd store tillitsbrot tidlegare. Å skape ei god atmosfære der dei kan få tillit til personalet er derfor viktig. Vi informerer om barnehagen, hugs at det må vere kortfatta og i små

doser. Den første samtalen er hovudsakleg for å skape tillit. Ikkje forvent at dei får med seg mykje informasjon.

Barnet følger vanlege rutinar i tilvenningstida.

Oppfølgingssamtale

Oppfølgingssamtale etter omlag fire veker - bruk tolk ved behov.

Hjelpespørsmål:

- Korleis opplever dei at barnet er i barnehagen?
- Korleis er dei før og etter at dei har vore barnehagen?
- Korleis opplever vi barnet i barnehagen?

Språkhjelpar/tolk

Språkhjelpar er ein som kan norsk og morsmålet godt, men som ikkje er autorisert som tolk. Ingen krav til utdanning eller bakgrunn. Gjerne ein som bur i same kommune.

Tolk er godkjent som tolk via tolkefirma.

Ein kan nytte språkhjelpar i første samtale dersom foreldra kjem med ein sjølv. Når barnehagen kallar inn til foreldresamtale skal det nyttast tolk dersom det er behov for å omsetje informasjonen. Foreldre og språkhjelpar kan vere i same omgangskrets, og det kan fort bli ubehageleg dersom ein språkhjelpar skal omsetje noko som gjeld utfordringar kring barnet. I andre kulturar kan dei t.d ha ei anna haldning til nedsett funksjonsevne. Ved å ikkje nytte profesjonelle tolkar kan ein sette foreldra i ein ubehageleg situasjon.

2. Melding til hjelpetenester for barn

Det bør utøvast eit viss skjønn når ein tek i mot minoritetsspråklege barn. Dei må få tid til å roe seg ned og bli kjend med nye reglar, rutinar og kultur. Dersom ein etter tid er bekymra for barnet, skal barnehagen snakke med foreldra om dette og melde ifrå til hjelpeinstansane.

3. Samarbeid med flyktingtenesta

- Før barnet startar i barnehage blir informasjonsskriv og utfyllingsskjema frå barnehagen gått gjennom med foreldre saman med flyktingtenesta.
- Flyktingtenesta fyller ut samtykkeskjema slik at flyktingtenesta og barnehage kan samarbeide ved behov. Samtykkeskjemaet skal oppbevarast i barnehagen.
- Personalet i barnehagen kan drøfte situasjonar rundt barna med flyktingtenesta.
- Om barn skal tilvisast eller om det skal sendast bekymringsmelding skal avgjerast av barnehagen. Flyktingtenesta hjelper til med det som skal fyllast ut av foreldre ved behov.
- I all informasjon som går ut av barnehagen ligg Flyktingtenesta som kopi-mottakar.
- Barnehagen kan ta kontakt med flyktingtenesta dersom foreldre ikkje følger opp beskjedar dei får frå barnehagen.

Rapportering

Flyktingtenesta og barnehagen evaluerer rutineane i lag, og oppdaterer dei minimum ein gong kvart år og elles ved behov.

Avvik

Avvik skal normalt meldast i Riskmanager.

Referanser

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80>

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova>